



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

# VURDERINGSRAPPORT

## Eidesåsen BARNEHAGE



Eidesåsen barnehage,  
styrar: Wenche Jordal,  
telefon: 53 65 42 15  
e-post: [eidesasen.barneh@odda.kommune.no](mailto:eidesasen.barneh@odda.kommune.no)  
Dato for vurderinga: 19.-22.10.2009



## 1 – Føreord

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarparet førebur sjølvne vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølvne vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderarparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men skal vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om barnehagen

Barnehagen ligg på ei naturtomt 3 km frå sentrum. Barnehagen er bygget i 1991, og har 2 avdelingar med til saman 36 plasser for barn i alderen 0—6 år. De fleste barna bur i Eidesåsen, men har også barn frå resten av Odda.

I personalet er det 12 tilsette, av desse er det 5 pedagogar (ein fagarbeidar med dispensasjon), 6 assistentar/fagarbeidarar, og ein lærling, til saman 8,8 årsverk. Mange av dei tilsette går i reduserte stillingar

Barnegruppene er utvida til 24 plassar over tre år og 12 plassar under 3 år. Det er 4 vaksne pr avdeling.

Barnehagen har et fellesrom i tilknytning til avdelingane. Dette blir også brukt som grendahus, til møte og utleige.

Den flotte skogen rundt barnehagen gir rike muligheter for opplevingar og erfaringar i naturen. Dei har eige klatreutstyr som kan brukast i de mange berga. Barnehagen låner Eidesåsen Vel sitt aktivitetsområde med eldhus, røykeri og uteplass med grue. Der har dei ved hjelp av foreldre fått sett opp ein gapahuk. Fleire av turane har utgangspunkt der, og dei kallar området for "Basen vår".

Eideåsen barnehage legg vekt på å bruke naturen i det pedagogiske arbeidet. Bruk av naturen er i hovudsak knytt til to fagområde: fysisk fostring og naturfag. Fysisk fostring handlar om å bruka naturen i leik. I naturfaget få barna kjennskap til viktige naturprosessar, økologi og naturvern.

## 3 – Vurderingstema

Eidesåsen barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:  
**Barns medverknad**

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarparet gjennomfører vurderinga, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for begrepet: Tidligare var det vanleg å samla på glansbilete. Englane med glitter på vengene, var dei spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ønskja at dei såg ut som på gamle glansbilete!



## Glansbilde for Eidesåsen barnehage

### Tema: Barns medverknad

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon  (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 50)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet er godt kjende med Rammeplan for barnehagen</li><li>❖ Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet</li><li>❖ Det er lagt til rette for drøfting av felles praksis</li><li>❖ Personalet drøftar korleis barna kan ha medverknad</li><li>❖ Barnehagen har planar for kompetanseheving i høve barns medverknad.</li><li>❖ Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådd resultat.</li></ul>
Foreldra er trygge på at barna deira vert sett og respekterte  (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 15 )	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Barna vert tydeleg teke imot av personalet om morgonen</li><li>❖ Barna viser glede ved å koma til barnehagen</li><li>❖ Barna fortel om ting dei har fått lov til å gjera i barnehagen</li><li>❖ Barnehagen dokumenterar barna sin medverknad på ein måte som er synleg for foreldra</li><li>❖ Personalet oppfordrar foreldra til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen</li><li>❖ Tilbakemeldingar frå foreldre viser att i den pedagogiske planlegginga</li></ul>
Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka.  (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 13)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet oppfordrar barna til å sei meininga si om kvardagen i barnehagen</li><li>❖ Personalet gir seg tid til å lytta til barna når dei uttrykkjer tankar og meiningar</li><li>❖ Personalet anerkjenner barna sine uttrykk for tankar og meiningar</li><li>❖ Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek egne initiativ</li><li>❖ Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek egne initiativ</li><li>❖ Barna vert involverte i planlegging og gjennomføring av aktivitetar</li><li>❖ Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for barna</li><li>❖ Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for barna</li></ul>
Barnehagen har eit system for barna sin medverknad	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Det er drøfta felles praksis for barns medverknad</li><li>❖ Barnehagen har felles system og malar til hjelp for personalet slik at barna kan få medverknad</li><li>❖ Det er samsvar mellom årsplan og praksis i barnehagen</li><li>❖ Barna si medverknad er nedfelt i det pedagogiske arbeidet</li><li>❖ Barna si medverknad er konkretisert i planane for barnehagen</li></ul>



## 5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Personalet i barnehagen, barn i barnehagen, og 10 foreldre på foreldremøte, 12 barn var representerte
- Eksterne: Turid Mykkeltvedt, Margunn Torget Østrem, Aina Næss (hospitant)

### Grunngjeving for val av informantar:

Det er viktig å involvera dei partar vurderingsområdet gjeld; barn, føresette, og personale. Det valde vurderingsområdet vedkjem alle partar i barnehagen.

## 6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber vanlegvis ein startdag der vurderarane møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under denne vurderinga, hadde vurderarane møte med styrar og foreldra fyrste dag, og var i barnehagen dei to neste dagane. Dette er ein dag mindre enn det som er vanleg, men vart slik på grunn av ein planleggingsdag for personalet.

I forkant av vurderinga og undervegs førebudde vurderarane informasjon, metodar og verktøy, og dreiv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vart oppdatert om arbeidet heile vegen.

Barnehagen fekk rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane.



## TIDSPLAN for vurdering av Eidesåsen barnehage, Odda

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
23.06.09		Plan for vurdering av barnehagar i regionen vert sett opp	Vurderingsgruppa
03.07.09		Vurderar tek kontakt med barnehagen, og sender brev med info om vurderinga og ståstedsanalysen til barnehagen	Margunn
Veke 33 - 34		- Barnehagen arbeider med ståstedsanalysen - Barnehagen gjennomfører ståstedsanalysen	Styrrar
31.08.09		- Barnehagen sender resultat av ståstedsanalysen til vurderarane - Barnehagen vel tema - Barnehagen sender relevante planar til vurderarane	Styrrar
Veke 36 og 37		- Laga framlegg til glansbilde	Vurderarane Turid
21.09.09		- Barnehagen får tilsendt framlegg til glansbilde	Vurderarane
01.10.09		- Barnehagen gir tilbakemelding på glansbilde til vurderarane	Styrrar
Veke 37 og 38		- Laga intervjuguide - Laga innkalling foreldremøte - Senda ut innkalling foreldremøte	Vurderarane vurderarane Styrrar
Vurderingsveke: 43			
Måndag 19.10	Kl 17.00 Kl 19.00- 20.00	- møte med styrrar i barnehagen - foreldremøte	Styrrar og Margunn, Turid og Aina
Tysdag 20.10.09	kl 8.30 – 9.00 kl 9.15 – 11.00 kl 11.30 kl 12.30 kl 13.30 kl 14.00	- introduksjon til personalet - observasjon - barneintervju ( grupper 4 barn ca 30 min) - barneintervju ( grupper 4 barn ca 30 min) - barneintervju ( grupper 4 barn ca 30 min) - møte med styrrar	Styrrar vel barn til gruppene
Onsdag 21.10.09	kl 7.30 kl 10.00  kl 14.00	- observasjon - intervju pedagogiske leiarar (alle) - intervju med fagarbeidarar/assistentar - observasjon - møte/intervju med styrrar	Ein vurderar pr avd. Styrrar lagar ein plan
Torsdag 22.10-09	  Kl 17.00	- Ev. meir observasjon - Ferdigstilling rapport - Personal møte	Turid, Margunn og Aina
Innan		- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda - Orienterer det politiske fagutvalet	Barnehagestyrrar



## 7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, henta vurderarane inn data frå fleire kjelder (kjeldetriangulering). Informantane var det vurderarane som plukka ut, for eksempel ved å møta og intervju 3-, 4-, og 5- åringar, dei føresette i barnehagen og heile personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det vart og gjennomført observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me fann, nytta me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tok vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verka inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale og dokumentanalyse.

### **Dokument- og resultatanalyse**

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sendte barnehagen relevante dokument til vurderarane; årsplan, halvårsplan, kompetanseplan, resultat av brukarundersøking blant føresette og medarbeidarundersøking.

### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i Rammeplan for barnehagen 2006, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse.

### **Samtaleguidar**

For å fanga lik tematikk, utarbeidde vurderarane i førekant ulike guidar til hjelp for samtalar med barn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

### **Møte med føresette**

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldra.

### **Møte med styrar**

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt samtale med styrar i forkant av vurderingsarbeidet, og etter kvar vurderingsdag i barnehagen.

### **Observasjon**

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på begge avdelingane. Vurderingstemaet er barn sin medverknad, og difor vart observasjon mykje vektlagt.



Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon  (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 50)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet er godt kjende med Rammeplan for barnehagen</li><li>❖ Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet</li><li>❖ Det er lagt til rette for drøfting av felles praksis</li><li>❖ Personalet drøftar korleis barna kan ha medverknad</li><li>❖ Barnehagen har planar for kompetanseheving i høve barns medverknad.</li><li>❖ Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådd resultat.</li></ul>
Foreldra er trygge på at barna deira vert sett og respekterte  (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 15 )	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Barna vert tydeleg teke imot av personalet om morgonen</li><li>❖ Barna viser glede ved å koma til barnehagen</li><li>❖ Barna fortel om ting dei har fått lov til å gjera i barnehagen</li><li>❖ Barnehagen dokumenterar barna sin medverknad på ein måte som er synleg for foreldra</li><li>❖ Personalet oppfordrar foreldra til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen</li><li>❖ Tilbakemeldingar frå foreldre viser att i den pedagogiske planlegginga</li></ul>
Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka.  (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 13)	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Personalet oppfordrar barna til å sei meininga si om kvardagen i barnehagen</li><li>❖ Personalet gir seg tid til å lytta til barna når dei uttrykkjer tankar og meiningar</li><li>❖ Personalet anerkjenner barna sine uttrykk for tankar og meiningar</li><li>❖ Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek egne initiativ</li><li>❖ Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek egne initiativ</li><li>❖ Barna vert involverte i planlegging og gjennomføring av aktivitetar</li><li>❖ Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for barna</li><li>❖ Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for barna</li></ul>
Barnehagen har eit system for barna sin medverknad	<ul style="list-style-type: none"><li>❖ Det er drøfta felles praksis for barns medverknad</li><li>❖ Barnehagen har felles system og malar til hjelp for personalet slik at barna kan få medverknad</li><li>❖ Det er samsvar mellom årsplan og praksis i barnehagen</li><li>❖ Barna si medverknad er nedfelt i det pedagogiske arbeidet</li><li>❖ Barna si medverknad er konkretisert i planane for barnehagen</li></ul>



## 8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### **Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 50)**

- ❖ Personalet er godt kjende med Rammeplan for barnehagen
- ❖ Det er lagt til rette for drøfting av felles praksis

Personalet seier at dei kjenner Rammeplanen godt og har arbeidd og han godt inn i årsplanen. Vidare seier personalet at dei bruker møtefora og planleggingsdagane til felles drøfting av oppfølging av årsplanen. Personalet presiserer at det er to avdelingar, men **ein barnehage**.

Vurderarane har sett eit lærevillig og kompetent personale, men dei kan også vere kritiske til eigen praksis. Personalet har eit heilskapleg syn på verksemda i barnehagen.

### **Kriterium: Foreldra er trygge på at barna deira vert sett og respekterte (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 15 )**

- ❖ Barna vert tydeleg teke imot av personalet om morgonen
- ❖ Barna viser glede ved å koma til barnehagen
- ❖ Barna fortel om ting dei har fått lov til å gjera i barnehagen

Barn, foreldre og personalet uttrykkjer at barna vert tekne godt i mot om morgonen. Dette har dei eksterne vurderarane også sett. Barn, foreldre og personalet meiner at barna viser glede ved å vera i barnehagen. Dette vert bekrefte av det vurderarane såg og høyrde. Me såg glade barn, høyrde nøgde foreldre og merka oss eit roleg og triveleg miljø i ein barnehage med omsorgsfulle vaksne.

### **Kriterium: Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka. (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 13)**

- ❖ Personalet gir seg tid til å lytta til barna når dei uttrykkjer tankar og meiningar
- ❖ Personalet anerkjenner barna sine uttrykk for tankar og meiningar
- ❖ Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek egne initiativ

Vurderarane har sett at personalet tok seg tid til å lytta og anerkjenna barna sine tankar, kjensler og meiningar. Dette var noko personalet også sa at dei gjorde. Det vert også støtta av at foreldra gjer uttrykk for at barna trivst i barnehagen. Personalet er medvitne på korleis kvardagsrutinane i barnehagen er utforma.

Når barnet feirar bursdag i barnehagen er det barnet som er i fokus. Barnet får mellom anna bestemme kva dei vil pynte bursdagkrona med og kva songar dei skal syngje. Dette er ein måte for barna å medverka på. Av og til får barna velja blant turalternativ.

### **Kriterium: Barnehagen har eit system for barna sin medverknad**

- ❖ Det er samsvar mellom årsplan og praksis i barnehagen
- ❖ Barna si medverknad er konkretisert i planane for barnehagen

Foreldre og personalet er samstemte om at det er samsvar mellom årsplan og praksis. Barn si medverknad er konkretisert i årsplanen så langt som barnehagen er komen. Personalet uttrykkjer at dei er forplikta på årsplanen og har god kunnskap om denne. Gjennom intervju kom det fram at barna sin medverknad er større enn det som vert synleggjort i årsplanen.



## 9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

### **Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 50)**

- ❖ Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet
- ❖ Personalet drøftar korleis barna kan ha medverknad
- ❖ Barnehagen har planar for kompetanseheving i høve barns medverknad

Personalet seier at dei ikkje er flinke til å spørja barna kva dei meiner, men at dei ofte spør dei kva dei har lyst til å gjera. Dei seier at dei ikkje er så gode på barns medverknad, og har difor valt det som tema for vurderinga. Dei har heller ikkje sett barns medverknad i system, - men reknar med at det kjem til å koma etter kvart!

Personalet må laga plan for kompetanseheving om barn sin medverknad, og setja av tid til det på møta i barnehagen og på planleggingsdagar. Dei må koma fram til kva barna kan ha medverknad i. Dei må og verte einige om kva innverknad barna sine meningsytringar skal ha på kvardagen og på det pedagogiske innhaldet i barnehagen.

### **Kriterium: Foreldra er trygge på at barna deira vert sett og respekterte (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 15 )**

- ❖ Barnehagen dokumenterer barna sin medverknad på ein måte som er synleg for foreldra

Personalet meiner at det gjer dei ikkje i dag. Dei har ikkje system for det.

Personalet bør gjera seg medvitne på kva dokumentasjon er, kva dei vil dokumentera, og korleis det kan dokumenterast på ein relevant måte. Då vil dei og sjå på kva måte barna sin medverknad kan verta synleg for foreldra. Personalet dokumenterer i dag kva aktivitetar barn har i barnehagen gjennom permar. Desse permene har foreldra tilgang til. Her har dei eit system som kan også kan nyttast til å dokumentera barns medverknad. Foreldra seier at dei får tilbakemeldingar om barna ved henting. Desse situasjonane kan også brukast til munnleg dokumentasjon om korleis barna får medverka.

### **Kriterium: Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka. (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 13)**

- ❖ Personalet oppfordrar barna til å sei meininga si om kvardagen i barnehagen
- ❖ Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek egne initiativ
- ❖ Barna vert involverte i planlegging og gjennomføring av aktivitetar
- ❖ Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for barna

Personalet seier at det er tilfeldig om dei spør barna kva dei meiner, men at dei skal verte flinkare til det. Personalet, foreldre og barna seier at det er dei vaksne som planlegg og strukturerer aktivitetane i barnehagen. Personalet har sjølv meiningar om korleis dei kan verta betre på dette. Dei seier dei kan ha ei idemyldring saman med barna, laga ei liste over forslaga og leggja denne inn i årsplanen som aktivitetar føreslegne av barna.

Barnehagen er med i kommunen sitt leseprosjekt. Difor er det viktig at aktivitetar for dei som vil lesa, jobba med bokstavar og tal, har gode vilkår. Dette vil og auka barns medverknad i høve til å velje aktivitetar. Dei eksterne vurderarane kjem difor med framlegg om å flytta lesestolen til eit "stille rom". Vurderarane vil også rå til at rommet vert møblert for stille aktivitetar og at det vert sett opp dør (ev. skyvedør).



## **Hardanger / Voss kompetanseregion**

Vurderingsgruppa for barnehage

Mykje av utstyret og materiell er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for barna. Vurderarane meiner likevel at personalet kan vere meir bevisste på om dei faktisk kan ha fleire ting tilgjengeleg for barna, t.d spel, malesaker og sakser.

Personalet i barnehagen er gode på å planleggja, organisera og gjennomføra aktivitetane i barnehagen. Dei må drøfta om den graden av vaksenstyring og struktur som pregar kvardagen gir rom for eller er til hinder for barna sin medverknad.

### **Kriterium: Barnehagen har eit system for barna sin medverknad**

- ❖ Det er drøfta felles praksis for barns medverknad
- ❖ Barnehagen har felles system og malar til hjelp for personalet slik at barna kan få medverknad

Personalet har byrja å drøfte og er meir medvitne på barns medverknad. Leing og personalet er samde om at dette skal dei verta flinkare til. Dei seier og at dei let barna medverka meir enn dei som personale tenkjer over. Ved å synleggjera den "tause medverknaden" vil personalet få eit anna og utvida syn på praksisen sin i høve medverknad. Vurderarane har sett at personalet har innarbeidd gode system for det meste av det som skjer i barnehagen. Slike system bør også omfatte barns medverknad i barnehagen.

Vurderarane såg ei personalgruppe som var samstemte i ynskje om å endra praksis. Det er eit kjempegodt utgangspunkt for å lukkast i utviklingsarbeid!

## **Elles såg me:**

- ☺ Planar, system og struktur, men varme og romslegheit
- ☺ Eit personale som ser og ynskjer løysingar heller enn avgrensingar og problem
- ☺ Foreldre og personale med tillit til kvarandre
- ☺ Glade og trygge barn som kjem om morgonen, og smilande foreldre
- ☺ Nydeleg uteområde
- ☺ Røleg atmosfære, både visuelt og i leik
- ☺ Ein leiar som har fokus på kvalitet for barna, personalet og foreldra
- ☺ Personalet er alt i gang med utviklingsarbeidet dei skal gjera!

## **10 – Vidare arbeid**

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Odda, 22.10.2009

Turid S. Mykkeltvedt, Margunn Torget Østrem og Aina Næss

Eidesåsen barnehage  
Dato: 19.-22.10.2009



## Vedlegg 1

### Dette sa foreldra

<b>Set opp punkt som de meiner Eidesåsen barnehage er flink til</b>	-
<b>Set opp punkt som de meiner Eidesåsen barnehage kan bli flinkare til</b>	-
<b>Set opp punkt som de som foreldre kan bli flinkare til</b>	
<b>Kriterium:</b> <b>Foreldra er trygge på at barna deira vert sett og respektert</b>	
<i>Vert barna tekne i mot på ein tydeleg måte om morgonen?</i>	
<i>Viser barna glede ved å koma til barnehagen?</i>	
<i>Fortel det om kva dei får lov å gjera i barnehagen?</i>	
<i>Vert de som foreldre oppfordra til å vera med i planlegging av aktivitetar og vurdering av barnehagen?</i>	
<i>Viser dei tilbakemeldingane de gjev att i barnehagen sine planar?</i>	
<b>Kriterium:</b> <b>Den pedagogiske verksemda er organisert slik at det er tid og rom for barna til å kunna medverka?</b>	
<i>Er utstyr og materiell i barnehagen plassert slik at det er tilgjengeleg for barna?</i>	



## Vedlegg 2

### Intervjuguide for borna.

Kriterium:

Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for borna til å medverka.

Teikn på god praksis

Personalet oppfordrar borna til å sei meininga si om kvardagen i barnehagen	-Spørr dei vaksne om kva du synest om det de gjer på i barnehagen?
Personalet gjer seg tid til å lytte til borna når dei uttrykkjer tankar og meiningar	-Får de fortelje ting til dei vaksne uten å verte avbrutt, t.d i samlingstunda og ved matbordet?
Personalet anerkjenner borna sine uttrykk for tankar og meiningar	-Kva seier dei vaksne om du foreslår noko de kan gjere i barnehagen? -kva seier dei vaksne viss du ber om å få sleppe å vere med på noko i barnehagen?
Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at borna ofte tek egne initiativ	-Kan de velje om de vil vere inne eller ute i løpet av dagen? -Får du leika med andre barn så masse du vil? -Får du bestemme kva du vil leike? -Får du velje kva du vil ete til lunch? -Får du ete når du er svolten? -Får du velje kva de skal gjere på i barnehagen eller er det alltid bestemt i planen?
Borna vert involvert i planlegging og gjennomføring av aktivitetar	-Har du hatt samlingstund/sangsamling i barnehagen? -Får du vere med på å bestemme kva formingsaktivitet de skal ha i barnehagen? -Pratar de i lag i samlingstunda om kva de har lyst å gjere i barnehagen? -Er de med på å lagar handleliste? -Er de med på å lagar mat i barnehagen?
Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for borna	-Kan de sjølve finne ting som de vil bruke/leike med i barnehagen? T.d teikne/malesaker, saks, ukledningskle m.m.



### Vedlegg 3

Intervjuguide for personalet

**Kriterium:**

**Barnhagen er ein lærande organisasjon.**

Teikn på god praksis	Dette sa personalet
-Personalet er godt kjende med rammeplanen for barnehagen	-
-Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet	-
Det er lagt til rette for drøfting av felles praksis	-
Personalet drøftar korleis barna kan ha medverknad	-
Barnehagen har planar for kompetanse heving i høve barns medverknad	-
Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådd resultat	-

**Kriterium:**

**Foreldra er trygge på at borna deira vert sett og respekterte (Rammeplan for barnehagen 2006, s. 15 )**

Teikn på god praksis	Dette sa personalet
Barna vert tydeleg teke imot av personalet om morgonen	-
Barna viser glede ved å koma til barnehagen	-
Barna fortel om ting dei har fått lov til å gjera i barnehagen	-
Barnehagen dokumenterar borna sin medverknad på ein måte som er synleg for foreldra	-
Personalet oppfordrar foreldra til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen	-
Tilbakemeldingar frå foreldre viser att i den	-



pedagogiske planlegginga

**Kriterium:**

**Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for borna til å medverka.**

**(Rammeplan for barnehagen 2006, s. 13)**

Teikn på god praksis

Dette sa personalet

Personalet oppfordrar borna til å sei meininga si om kvardagen i barnehagen	-
Personalet gir seg tid til å lytta til borna når dei uttrykkjer tankar og meiningar	-
Personalet anerkjenner borna sine uttrykk for tankar og meiningar	-
Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at borna ofte tek eigne initiativ	-
Borna vert involverte i planlegging og gjennomføring av aktivitetar	-
Utstyr og materiell i barnehagen er plassert slik at det er lett tilgjengeleg for borna	-

**Kriterium:**

**Barnehagen har eit system for barna sin medverknad.**

Teikn på god praksis

Dette sa personalet

Det er drøfta felles praksis for barns medverknad	-
Barnehagen har felles system og malar til hjelp for personalet slik at barna kan få medverknad	-
Det er samsvar mellom årsplan og praksis i barnehagen	-
Barna si medverknad er nedfelt i det pedagogiske arbeidet	-
Borna si medverknad er konkretisert i planane for barnehagen	-